



Bratt Moro AS
Postboks 164

6851 SOGNDAL

Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019 - Utvikling og etablering av kunnskapssenter for skred - vedtaksbrev

Vi viser til søknad av 9.april 2019 der de søker om 2,25 mill. kr til prosjektet «Utvikling og etablering av kunnskapssenter skred». Fylkestinget gjorde i møte den 4. juni vedtak om å tildele Bratt Moro AS eit tilskot på 2,25 mill. kr i følgande vedtakspunkt:

- 9 *Sektorbudsjettet til nærings og kultur vert auka med 45,650 mill. kr med slik fordeling:
Teneste 7012 Bransjeretta satsing vert auka med 19,250 mill. kr
Teneste 7015 Nyskaping vert auka med 5,000 mill. kr
Teneste 7600 Muséer vert auka med 21,400 mill. kr*

Felles for alle søknadane må vere at dei er innanfor statstøtteregulverket og at prosjekta vert fullfinansierte. Fylkesrådmannen får i oppgåve å følgje opp søknadane innanfor rammene som er gjeve ovanfor.

Vedtaket er bindande for fylkeskommunen gitt at vilkåra om fullfinansieringa og statsstøtte vert oppfylt. Før vi kan skrive tilskotsbrev treng vi noko meir informasjon for å forsikre oss om at desse vilkåra er oppfylt.

- 1) **Fullfinansiering:** Når vi vurderer krav til oppfylling av vilkår om fullfinansiering vil vi legge til grunn at prosjektet vert gjennomført i tråd med intensjonane i søknaden.
- 2) **Statsstøtte:** For å vite om tilskotet kan gjevast i tråd med statstøtteregulverket treng vi meir informasjon om korleis skredsenteret er tenkt organisert, samt ein forretningsplan som viser korleis de ser føre dykk å drifte senteret.

Statusoppdatering

Vi ynskjer å vere oppdatert om framdrifta i prosjektet og ber dykk om ei kort statusoppdatering innan 20.august 2019.

Vi ber om at de sender oppdatert informasjon slik at vi har høve til å vurdere vilkåra, og skrive eit tilskotsbrev så snart som mogleg.

Ved eventuelle spørsmål ber vi om at de tek kontakt med sakshandsamar.

Med helsing

Endre Høgalmen
Ass. fylkesdirektør for næring og kultur

Adrian Husabø Bjørseth
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)

Bratt Moro AS Postboks 164 6851 SOGNDAL

Kopi til:

Tore Eriksen, FRM

Kristin Arnestad, NKA